



Andreas Nilsen, maskinist og alt-mogleg mann

Over 400 mennesker har budd på Flørli sidan anleggstida endte i 1918. Nokre av desse skill seg ut fordi dei har satt særskilt preg på bygda. Difor historia om Andreas Nilsen for han var ein fantastisk slitar!

Andreas kom truleg til Flørli som 16 åring i anleggstida og var "timeskrivar". Han må ha vore med på bygging, kanskje av steinmurar. Me ser han att på eit bilde frå anleggsarbeidet ved "Synken" på fjellet i 1917. I 1920 står han oppført i skattelistene som "pudser" i kraftstasjonen. I realiteten er han nok heller ein altmogleg-mann. Han må ha lært av dei flinke steinhoggarane på Flørli, bidreg med opprydding og utbetring etter anleggsarbeidet og følger nok godt med på Brettet (kontrollrommet). I 1923 overtek han ansvaret for posten i Flørli og i 1929 blir han maskinist på verket etter ein kort utdanning i Stavanger.

I 1925 gifta han seg med Randi Kallali. Dei fekk fire barn, Leif (1927), Bjørn (1929), Irene (1935) og Arne (1938). Først budde familien i leilegheita overfor Posten og i 1948 fekk dei flytte inn i den midterste av dei splittr nye maskinistbolegane. Desse hadde ein standard forut for si tid med badekar, toalett, innlagt varmt vatn og eit stort kjøkken.

Andreas tok opp att gardsdrifta på Flørli, om enn i beskjeden målestokk. I Flørli bygde han eit lite fjøs til ein del sau og to kyr. Han slo graset med ljà og hesja. Fordi det ikkje vaks nok på Flørli, hadde han óg ein slåtteteig i Lyse. Høyet rodde han heim, sånn var det i den tid. I tillegg dyrka han opp marka forbi Maskinmeisterbolegen og ved Flørlistølen og satte potetar og grønsaker.

Om sommaren gjekk dyra på Flørlistølen. Der var dei gamle stølsbygningane frå før anleggstida blitt falleferdige. Andreas bygde difor eit nytt stølshus seint på 30 talet, eit lite stykke unna dei gamle. Han bygde óg ei løe for buskapen. All material vart bore opp frå fjorden, på menneskerygg. Som rallar leigde han inn Einar Ivan Waage, ein

barndomsbekjent frå Byhaugen. Det var ikkje snakk om å gjere noko halvvegs arbeid - det er berre å gå opp til Flørlistølen og sjå på grunnmurane. Dei er i kilt stein og har blitt eit fint, saumlaust puslestykke. Det er ingen lengre som veit kor han fekk dei tunge steinane i frå då det ikkje er steinbrot i nærleiken av stølen. Truleg brukte han kampesteinar som låg kringom i terrenget etter istida. Han må ha gått nokre turar for å slepe alt fram!

Kyrna på stølen måtte mjølkast to gonger til dagen og det var eit att og fram kvar dag for å sjå til dei og bêre mjølka ned. Det var mest kona Randi som gjorde dette. Randi fekk óg ansvaret for posten etter Andreas får stillingen som maskinist i 1929. I 1947 når barna har vakse til, opnar Randi butikk på Flørli i den låge delen av Skulehuset. Her hadde ho eit beskjedent utval av kolonialvarar, mjølk og smør, brød og røyk. Alkohol solgte ho ikkje for bygda var full i peitistar i denne tid og heller ikkje snop. Klart nokre vart skuffa, men barna kunne kjøpe svor som dei brukte til tyggis!

Butikken er ein samfunnsteneste av Stavanger Everk der Randi og seinare dottera Irene har ansvaret. Butikken mottar finansiell stønad av Everket. Truleg er det Andreas som tar seg av bokføringa for etterkvart blir det bråk når maskinmeister Torleiv Johannessen skuldar Andreas for underslag. Andreas tar det høgt og tvisten endar opp i retten med advokatar og det heile. Andreas taper. Forholdet med sjefen Johannessen er øydelagt. Butikken blir lagt ned i 1955, det samme gjer dyrehaldet på stølen og i 1956 vel Andreas og Randi å flytte til Oltedal kor han får jobb på kraftstasjonen der.

Ettersom han no ikkje lengre bur på Flørli, må han gje frå seg Flørlistølen. Den går tilbake til Everket og kjem i 2002 i Stavanger Turistforeining si eige. Det må ha vore beskt for Andreas. Men han gjer seg ikkje med det og byggjer ny hytte på Kalleli sin eigedom eit par hundre meter unna Flørlistølen. Her lagar han igjen ein flott grunnmur i kilt stein. All kledning til hytta og inventar bêr han opp frå Flørli!

Andreas hadde eit godt kamera og likte å fotografere. Dei mange bilde han tok av anleggsarbeid og bygdelivet er det diverre få igjen av då arven vart splitta i familien, gjekk tapt i brann og kom bort.